



GOL OG HEMSEDAL

Kyrkjeblad

Nr. 5

Oktober 2018

69. årgang

INNHOLD

Min salme	2
Andakt	3
Den gong då	3
Vigsel av ny biskop	4
Kristen dogmatikk	5

50års konfirmantar	6 & 7
Prosten som blir prest	8 & 9
Kunngjeringar	10
Gudstenester	11
På tur med åpent hus	12



VIGDIS MOEN STORHAUG SLUTTAR SOM PROST
OG BEGYNNER SOM KYRKJELYDSPREST
I LEVELD, TORPO OG ÅL

FOTO: KJETIL TH. STOREBRÅTN

MIN SALME

MARGARET H. ENDRESEN



Ikkje alle tek utfordringa om å velje "sin" salme. Men det gjer så avgjort salmegjesten vår denne gongen:

- Så koselig at jeg får dele med andre min salme, som betyr mye for meg, skriv Margaret H. Endresen i ein epost.

Ho er pensjonist, men disponerer stadig eit lite kontor i den gamle sjukestugu i Gol, der ho gir fotpleie. Dialekten røper at ho har røtene sine lenger nord i landet.

- Jeg vokste opp i Vesterålen. Da jeg var barn, var jeg sterkt knyttet til min bestemor. Hun var formann i misjonsforening og redningssaksforening i en årrekke. For meg var det stor stas å få være med på foreningsmøtene. Jeg husker at alle sang, og min bestemor leste fra Bibelen. Jeg syntes også det var stas å få gå på søndagsskole og i barneforening. Jeg var glad i å synge.

- Nå har jeg bodd på Gol i snart 42 år. Har hatt et givende arbeid og et innholdsrikt liv her. Og jeg har hatt et godt forhold til mine medmennesker. Blant hobbyene mine er Røde Kors Besøkstjeneste. Ellers er jeg glad i å lese og lære dikt, som jeg arkiverer i hodet.

- Den salmen som har betydd mest for meg, er "O Store Gud". Den går rett i sjela. Den rommer alt i universet, og forteller at Gud styrer og at alt har mening, om vi ikke alltid ser det i øyeblikket. Jeg har aldri tvilt på hvem som har skapt oss. Tro og følelser er det meste i oss. Det skaper et verdisystem.

TEKST: OG FOTO: KJELL SLÅTTEN

O store Gud

O store Gud, når jeg i undring aner
hva du har skapt i verden ved ditt ord
Ser universet med de mange baner,
og vet alt liv oppholdes av ditt ord

:/Da bryter lovsang i fra sjelen ut:
O store Gud! O store Gud!:/

Når jeg i skriften ser de mange under
som Gud har gjort fra første Adams tid
Og ser hvor trofast Herren alle stunder
har ført sitt folk igjennom livets strid

:/Da bryter lovsang i fra sjelen ut:
O store Gud! O store Gud!:/

Når så til slutt
hvert tids slør må falle,
og troens mål er nådd, så jeg får se,
vil evighetens klokker sjelen kalle
for tronen mellom skaren hvit som sne

:/Da bryter lovsang i fra sjelen ut:
Takk, store Gud! Takk, store Gud!:/

Margaret H. Endresen utfordrar Helge Brenno som den neste til å velje sin salme.

GOL OG HEMSEDAL KYRKJEBLAD

Antall nr.: 6 nummer i året

Utgjevar: Sokneråda i Gol og Hemsedal prestegjeld

Redaksjon: Kjell Slåtten, Kjetil Th Storebråten, Sølv Larsen Aalrust (red.),
Gunnar Rudningen, Kristine Viko, Anders Solbakken,
Ludvig Munkejord.

Ekspedisjon: Kyrkjekontoret 3550 Gol

Kasserar: Arne Oddmund Tuv, 3560 Hemsedal.

Bankgiro: Sparebank 1 Hallingdal 2367.60.00097

E-post: oaalrust@online.no

GOL, HERAD OG HEMSEDAL

GOL KYRKJEKONTOR

Ekspedisjonstid månd – fredag 9.00–15.00

Gol kommunehus 3. etg. Tlf. 32 02 90 00
kyrkja@gol.kommune.no www.gol.kyrkja.no

Kyrkjeverje: Anne Gerd Jorde

Dir.tlf. 32 02 91 35 • Mobil: 971 58 134
anne.gerd.jorde@gol.kommune.no
Fridag torsdagar.

Sokneprest: Jan Olav Skinnemoen

Dir.tlf. 32 02 91 37 • Mobil: 952 75 312
jan.olav.skinnemoen@gol.kommune.no
Måndag: Fridag.

Diakon: Martha Frøyland

Dir.tlf. 32 02 91 38 • Mobil: 476 27 663
martha.froyland@gol.kommune.no

Organist: Justin Vickery

Tlf. 474 75 580 • justin.vickery@gol.kommune.no
Kontortid onsdagar kl 14.30–16.00

Sekretær: Thorunn Haugo

Tlf. 32 02 91 39
thorunn-helene.haugo@gol.kommune.no
Kontortid: annakvar måndag, kvar tirsdag,
onsdag og torsdag

Kyrkjetenarar:

Ludvig Munkejord Tlf.: 911 22 763

Knut Ole Klepp Tlf.: 906 58 761

Trusopplærar for Gol og Hemsedal:

Britt Marie Haraldset Hafssås Tlf. 951 22 136
britt.marie.haraldset-hafssas@gol.kommune.no

HEMSEDAL KYRKJEKONTOR

**Ekspedisjonstid månd – torsdag 9.00–15.00
fredag 9.00–12.00**

Hemsedal kommunehus Tlf. 31 40 88 45
kyrkjekontoret@hemsedal.kommune.no
www.hemsedal.kyrkja.no

Kyrkjeverje: Kjetil Th. Storebråten

Kontortid: Måndag–tors: 9.00–15.00
fre: 9.00–12.00

Tlf: 31 40 88 45 Mob: 908 21 745
kjetil@hemsedal.kommune.no

Sokneprest: Camilla Osnes

Mobil: 977 15 677 Måndag: Fridag.
camilla.osnes@hemsedal.kommune.no

Organist: Kjersti Hagen

Tlf: 902 45 535
kjers10@yahoo.com

Kantor:

Peter Rødel

Tlf: 950 49 045
kafe10@hotmail.no

Kyrkjetenar: **Wilfried Westera**

Tlf. 971 09 922
wilfriedwestera@live.nl

Gravplassen: **Hans Vidar Sørensen**

Tlf: 911 76 827

Sokneråda:

Leiar Gunn Astrid Frøysok
Tlf. 990 34 376

Gol:

Leiar Trygve Lono Smedsgård
Tlf.: 900 63 161

Hemsedal:

Leiar Sissel Rudningen
Tlf: 419 35 246

Fellesråda:

Leiar Ola Grønseth
Tlf. 920 97 939

Hemsedal: **Leiar Unni Bjørke**

Tlf. 906 54 701

Ynskjer du å gje ei gåve til kyrkja:

Hemsedal: 2367.20.49482
Gol: 2324.20.01354
Herad: 2324.62.05795



Han er med oss alle dagar

Vi tek imot livet, vi takkar og gir Gud ære, og vi gir tilbake til han det han har gitt, så han kan velsigne og la det bli til liv for verda.

Jesus etterlot oss ikkje som foreldrelause barn. Han lova å vere med oss så lenge verda står. Han sende oss sin Ande, og slik er han nær oss alle, overalt, heile tida. Men det er så vanskeleg å ta dette nærveret på alvor. Akkurat som læresveinane vart livande redde då bølgjene slo inn over ripa på båten, slik skrik vi ut vår redsle når det røyner på – og hugsar ikkje på at han er med oss alle dagar, både dei gode og dei vonde.

Kyrkja er ikkje ein Jesus-klubb for dei med spesielt religiøse interesser. Nei, kyrkja er Kristi kropp. Det er hans liv som pulserer i denne kroppen gjennom sakramenta. Vi er poda inn på livilsens tre, det sanne vintreet. I dåpen og nattverden vert vi sameina med han. Dagleg får vi leve i den nakne trua på at han er til stades, ja, at han sjølv bur i oss. Ikkje fordi vi er så fromme og andektige og flinke til å be eller gjere gode gjerningar, men fordi vi simpelthen er ein del av denne mystiske kroppen som er hans.

At kroppen er éin tyder ikkje at alle cellene er like. Nei, tvert imot, dei må vere ulike for at kroppen skal fungere. Det er han som har skapt oss og gitt kvar enkelt eit unikt fingeravtrykk. Han har utrusta oss med talent og gåver og evner som han vil at vi skal bruke. Heile vårt liv er grunnleggande sett ei offergåve. Når vi i nattverdliturgien, i takkebøna for offergåvene, ber slik: Av ditt eige gir vi deg tilbake. *Ta imot oss og våre gåver i Jesu namn, så er det ei fortetta stund som røper kva som er sjølve bøyingsmønsteret for livet vårt.*

Vi tek imot livet, vi takkar og gir Gud ære, og vi gir tilbake til han det han har gitt, så han kan velsigne og la det bli til liv for verda.

Slik Jesus tok brødet, takka og braut det, og gav det til læresveinane, slik vert vi og gjevne til verda, som ei offergåve.

ANDAKT

JAN OTTO MYRSETH



FOTO: HENRIK GUII-LARSEN

Vårt store privilegium, det store mysteriet er at vi aldri er åleine, men vi er lemmer på Jesu kropp. Vi tilhører kvarandre, tilhører eit fellesskap som ikkje kjenner nokon grenser, men består av truande menneske til alle tider og på alle stader. Og han seier til oss: *De har ikkje valt ut meg, men eg har valt ut dykk og sett dykk til å gå ut og bera frukt, ei frukt som varer (Joh 15,16).*

Den gong då...

Det var få illustrasjonar i Gol og Hemsedal Menighetsblad dei første åra. Oftast var det rein tekst, iblant mjuka opp med enkle skisser.

Ein av dei aller fyrste gongene det vart brukt foto, var etter at biskop Skard døydde sommaren 1961. Bladet var då inne i sin 12. årgang. Sokneprest Ødne via heile fyrstesida til biskopens død, utan å omtale bispen med førenamn éin einaste gong. Men han heitte altså Bjarne.

Bjarne Skard var den aller fyrste biskopen i Tunsberg bispedømme frå 1948. Det nye bispedømmet vart oppretta det året ved at Buskerud og Vestfold vart skilt ut frå Oslo bispedømme.

TILBAKEBLIKK: KJELL SLÅTTEN



NR. 8

OKTOBER 1961

12. ARGANG



**Biskop Skard
er død!**

Denne triste meldingen ble spredt ut over vårt land gjennom Kringkastingen onsdag 16. juli d. å.

Et veldig budskap! Vel visste vi at biskopen var syk og at sykdommen var til døden, men likevel: Da budskapet kom, kjenner det umulig skritt. Vi trengte ham så i den høye stilling Gud hadde gitt ham, som overde tilsynsmann i vårt bispedømme. Men Gud har villet det anna.

Et usædvanlig rikt liv er nå avsluttet.

Født i Levanger i 1895, med teologisk embetskamma i 1922, var han i 10 år overlærer ved Stord lærerskole, i 8 år sokneprest i Sigdal, i 8 år sørskirkeprest ved St. Jakobskirken i Bergen, i 2 år res. kap. Uranienborg, Oslo, før så i 1948 å bli utnevnt til biskop i det nyopprettede Tunsberg bispedømme.

I over 13 år hadde vi den glæde å ha biskop Skard som vår biskop. En sjeldent inngang hadde han overalt her i Hallingdal og Gol og Hemsedal harer på rike minner fra samvar med ham ved to visitasjer, to kirkejubileer, foruten at han også ved andre anledninger har besøkt os.

Det var biskop Skard som under visitasjen i 1960 ga statet til at arbeidet med et Lykkeskapell ble tatt opp. Han opplevde dessverre ikke vigslingsdagen den 20. august.

Vi takker Gud for hva biskop Skard har gitt oss gjennom sitt liv og virke i disse 13 år og lyser Guds fred over hans minne.

J. O.

Vigsel av ny biskop i Tunsberg bispedømme

I august kom det ein invitasjon til Hemsedal menighetsråd ved leder. -Dette er til deg, seier kyrkjeverge Kjetil Storebråten. Wow, tenker eg. Med helsing frå Tunsberg bispedømmeråd, Tønsberg kommune og Bispemøtets preses.

Det er berre 4 år sidan Tunsberg Bispedømme sist innsette biskop, då Per Arne Dahl. No var tida komen for ein arvtakar og den nye biskopen skulle bli Per Otto Myrseth, den 61 år gamle sunnmøringen frå Sykkylven, som var busett i Bergen.

Sundag 23. september var den store dagen. Sjølv kom eg frå o-løp i Sandefjord dagen før og tok meg ein tur til Tønsberg domkirke laurdag ettermiddag. Eg tenkte det var fint å sjå kyrkja og ta tida på gåvegen om morgenon. Ville ikkje kome for seint på ein slik stor dag. Domkyrka var stor og flott. Døra sto ope og eg kika inn. Øving til morgondagen og Skriftemålgudstenest. På vegen inn møter eg kyrkjeverga i Ål, Kjellfred Dekko. Saman med han og mange andre får eg ein snakebit av kva som skal skje den neste dagen. Den kvelden er eg så heldig å få helse på den komande biskopen.



Soknerådsleiar i Hol Kjell Haugo og SR-leiar i Col Trygve Lono

Om morgenon sundag er det ei bunadskledd og forventningsfull fru Rudningen som sit i benkerada, ilag med andre soknerådsleiarar frå Hallingdal. Nokre minutt før vigselsgudstenesta tek til reiser me oss og tek imot HM Kong Harald V. Kongen har inga rolla anna enn å kaste glans over dagen og den nye biskopen. Det gjer han til fulle. Så kjem prosesjonen med biskop Helga Haugland Byfuglien, Bispemøtets preses, i spissen saman med Per Otto Myrseth. Etter kjem biskopar frå Sverige, Danmark, Finland, England, Hamar og Bjørgvin, alle prostane i frå prostia i Tunsberg, med m.a. vår eigen avtroppande Vigdis Moen Storhaug.

TEKST & FOTO: **SISSEL RUDNINGEN**

Det var ei mektig gudstenest og vigsling. Den nyslætte biskopen heldt sjølv preika i gudstenesta. Der tok han opp viktige ting som utanforsk og å kjenne på avmakt. Kan vi som kristne slå oss til ro når framandhatet rammar den eine eller andre gruppa av framande? Har vi ikkje eit særleg ansvar for å sikre at eitkvart menneske blir møtt med tryggleik og respekt?" Preika tok utgangspunkt i Matteus 8,5 som beskriv møtet mellom Jesus og ein romersk offiser som ber han om å hjelpe sin sjuke tenar. Alvoret i denne teksten er at det går an å forspele moglegheitene, viss vi tek på eigarminen og lukkar døra for den framande. I ei sunn gudstru er det alltid eit element av uro, ei bøn om nåde og miskunn, eit kyrie eleison, Herre, miskunne deg over meg."

Det var storlått salmesong frå Tønsberg domkor, og solist Kristin Asbjørnsen gav oss ei varm tolking av songen "Trying to get home". Etter nattverd og salmesong gjekk biskop Per Otto Myrseth og HM Kong Harald V side om side ned midtgangen til postludium. Ute venta pressa. Me andre vart ståande og nyte det fine veret, før me gjekk over til Quality Hotel Klubben med enkel servering og mottaking, eller kyrkjekaffi som biskopen valde å kalle det.





FOTO: **KJETIL TH. STOREBRÅTEN**

Her var det nokre korte helsingar og kunstneriske innslag. Frå Hallingdal var fleire av leiarane frå sokneråda på plass. Forutan desse var og Generalsekretær i Kirkenes Verdensråd Olav Fykse Tveit, Gol, til stades.

Takk til Tunsberg bispedømmeråd, Tønsberg kommune og Bispemøtets preses for at eg fekk ta del. For underteikna var vigslinga ein del av noko større. Me små ute i sokna fekk møte og høyre ein varm og engasjert biskop. Det er viktig for eit arbeid vidare i sokna, prostia og bispedømmet.

Ynskje om ei selfie med den nye biskopen var stor, men der gjekk grensa. Lukka råka meg heller fem dagar seinare, då eg var tilstades på intervju av sokjarane til prostestillinga i Hallingdal. Der var og biskop Myrseth. Då tok eg mot til meg, og han svara villig ja.



Sissel Rudningen tek strakarmbilete med biskop Per Otto Myrseth



Bevisst misforståing

Humor er kanskje i stor grad mangelvare i Kyrkjebladet. Her eit lite forsøk på å bøte på det:

Min gode ven og mangeårige kollega i Hallingdølen, Olav Johannes Bøthun, Oje blant kjende, er ein sann humorist som tidt og ofte utfordrar lattermusklane hjå omverda. Han er jamgammal med Olav Fykse Tveit. Dei to var skulekameratar både på ungdomsskulen og gymnaset.

Då Olav Fykse Tveit i 2009 vart vald til generalsekretær i Kirkenes Verdensråd, var Oje raskt ute med helsing på SMS: "Gratulerer med ny jobb i Kirkenes!"

Olav visste kanskje ikkje heilt korleis han skulle oppfatte meldinga. Han takka for gratulasjonen, men viste til at det nok ikkje var i Kirkenes, men i Genève han kom til å ha tilhald.

Det utløyste følgjande svar frå Oje:
"Å jaså, er det verdensråd der òg...???"

Det høyrer med til historia at Oje gjekk på rett fly, til Genève og ikkje Kirkenes, då han kort etter vart sendt ut av Hallingdølen for å lage reportasje på den nyvalde generalsekretæren!

TEKST: KJELL SLÅTTEN

Hei!

Det er blitt hausten og vått og kaldt ute. Her er nokre oppgåver eg tenkte du kunne prøve å svare på. Hvis du sender svara til meg før 1. november, kan du vere med i trekningen av ein liten premie. :)

Det er lov å få hjelp av mamma, pappa, ein fadder eller nokon andre.

1. Kva heitte han mannen som fekk beskjed frå Gud om at han skulle bygge ein kjempestor båt til seg, familien sin og alle verdas dyr?
2. Kva står i Joh 3,16 i Bibelen?
3. Kva heitte landshøvdingen som dømde Jesus til døden?
4. Kva heitte den mannen som vart kasta til løvene fordi han nekta å slutte å be til Gud?
5. Kva skapte Gud den fyrste dagen?
6. Kva gjorde Gud den sjuende dagen?

Svara sender du på e-post: britt-marie.haraldset-hafsas@gol.kommune eller gir dei til meg.

Helsing Britt Marie

Minnevers:

«Eg takkar deg for at eg er så underfullt laga. Underfulle er dine verk, det veit eg godt.» Sal 139,14

Foredrag m/professor Harald Hegstad



Professor Harald Hegstad fra MF Vitenskapelig Høyskole (tidligere Det teologiske menighetsfakultet) kommer til Hemsedal 27. oktober kl. 16.00 på Kyrkjestugo. Han skal holde foredrag om dåp og nattverd.

Hegstad underviser og forsker på ulike tema innenfor kristen dogmatikk (tro-slære), der han søker å holde sammen et luthersk og et økumenisk perspektiv. Spesielt har Hegstad vært opptatt av ekklesiologi (kirkeforståelse).

Likeledes har han også vært engasjert i empirisk forskning på kirke og menighetsliv. For tiden er han særlig opptatt av dåpstteologi.

Hegstad har gitt ut flere lærebøker og publisert flere artikler. Likeledes er han nestleder i Oslo Bispedømmeråd og nestleder i Kirkerådet.

Hemsedal 27. oktober
kl. 16.00

SpareBank 1
HALLINGDAL VALDRES

Du finner oss i hele Hallingdal
Flå - Nesbyen - Gol - Hemsedal - Ål - Geilo

sb1.no/hallingdal • tlf. 815 03 202



ÅPEN KIRKE I HERAD KYRKJE

Vi har flyttet tidspunktet for Åpen kirke fra kl.18-19 til kl.15-16 fra og med 2. oktober og ut året.

Herad kyrkje er åpen hver tirsdag mellom kl.15-16. Alle er hjertelig velkommen til å stikke innom for å tenne et lys, be og å være stille med Gud. Kort samling rundt lysgloben kl.15.50 ledes av diakonen.

KONFIRMANTAR GOL - 1968



Fotograf: Olav Skredegård

1. rad f.v.: Olveig Løstegård, Grethe Marie Lind, Inger Rust, Torunn Helene Halden, Prest Borgar Holte, Torill Brenno, Eva Kristine Personbråten, Kristin By
2. rad f.v.: Kristin Rust, Grethe Irene Moen, Arnhild Marie Svang, Grethe Synnøve Møllerplass, Bente Marie Modalen, Marit Ulshagen, Kari Gunhild Toppen, Ragnhild Jorun Treverket, Grethe Brekke, Solveig Jordheim **3. rad f.v.:** Anne Marie Roe, Gunvor Kinneberg, Arnhild Løvdokken, Kari Gunhild Nibstad, Sigrid Bergheim, Marit Sigrun Granli, Astrid Rust, Grete Reidun Brøto, Åse Marie Steinkjær. **4. rad f.v.:** Bjørn Per Østro, Anders Viljugrein, Egil Liorden, Oddvar Oland, Gunnar Hodnungseth, Ola Egil Viko, Ole Stensgård, Kjell Aalrust, Arvid Stensgård, Kjell Johansen, Ivar Guttorm Lie, Dagfinn Aasen
5. rad f.v.: Herbrand Lio, Hallgrím Nordhaug, Olav Haugo, Stein Kåre Frøysok, Jon Ola Jonsen, Kjetil Mehl, Oddvin Rudningen, Hallvar Brenno, Halvard Ulsaker, Ragnar Bakken


50 -ÅRS KONFIRMANTAR GOL - 2018



Fotograf: Marit Skredegård

1. rad f.v.: Grethe Marie Lind Holm, Inger Rust Briskeby, Olveig Løstegård Solum, Ragnhild Jorun Treverket Henriksen, Grethe Brekke, Kari Gunhild Nibstad Nedremyr, Arnhild Marie Svang Kristoffersen, Grete Reidun Brøto Torp, Arnhild Løvdokken Dokken **2. rad f.v.:** Anders Viljugrein, Bente Marie Modalen Bø, Ivar Guttorm Lie, Kristin Rust Rundtop, Torunn Helene Halden, Olav Haugo, Herbrand Lio, Torill Brenno Wøllo, Grethe Irene Moen
3. rad f.v.: Marit Sigrun Granli Hellesvik, Grethe Synnøve Møllerplass, Ola Egil Leikvold **4. rad f.v.:** Prest Camilla Osnes, Oddvar Oland, Jon-Ola Johnsen, Ole Stensgård, Hallvar Brenno, Dagfinn Aasen, Kjell Aalrust, Halvard Ulsaker, Halgrím Nordhaug

KONFIRMANTAR HEMSEDAL - 1968



1. rad f.v.: Ågot Gjærde Benjaminsen, Aud Jorunn Løvehaug, Bjørg Intelhus Jordheim, prest Borgar Sumarlid Holte, Kari Marie Dokk, Sebjørg Jordheim Halvorsen, Grete Jorunn Helgerud.

2. rad f.v.: Ingvar Møllerpass, Oddmund Jordheim, Anders Intelhus, Ola Magne Kirkebøen, Harald Eggestøl, Kåre Markegård, Kåre Grøthe.

3. rad f.v.: Magne Brennhovd, Arild Anderdal, Magnar Wøllo, Magne Olav Thorset, Lars Arne Markegård, Knut Hjelmen.

50 -ÅRS KONFIRMANTAR HEMSEDAL - 2018



1. rad f.v.: Ågot Gjærde Benjaminsen, Kari Marie Dokk, Sokneprest Jan Olav Skinnemoen, Sebjørg Jordheim Halvorsen, Aud Jorunn Løvehaug

2 rad f.v.: Ingvar Møllerpass, Oddmund Vøllo, Magne Olav Thorset, Ola Magne Kirkebøen, Magnar Wøllo, Lars Arne Markegård, Kåre Markegård, Kåre Grøte, Knut Hjelmen



Prosten som blir prest

TEKST & FOTO: KJETIL TH. STOREBRÅTEN

Prost Vigdis Moen Storhaug takkar for seg etter nærmere 10 år som prost i Hallingdal. Ho vender no attende til grasrota som prest for Leveld, Torpo og Ål. Kva tankar gjer ho seg om åra som prost og framtida som prest?

- Kva gjer ein prost eigentleg?

- Ein prost leiar prestetenesta i den aktuelle regionen. I vårt bispedømme er det i dag 10 prosti. Hallingdal er det prostiet eg har vore prost for. Ein prost er som regel ein som er utdanna prest, og som sit med personalansvar og sørger for mannskap der det trengs til oppgåver som skal løysast i prostiet.

- Kva har vore spennande med å vera prost i Hallingdal?

- Å møte både tilsette og dei som stiller tid og engasjement til rådvelde lokalt.



Vigdis Moen Storhaug hadde preika på si eiga avslutningsgudsteneste

Eg har møtt mange flotte folk desse åra. Tillitsvalde og stabar, og nære møte med enkeltmenneske. Det er nok det som har berørt meg mest. Å vera prost har gjort noko med meg som person. Eg har vakse mykje sjølv ved å våge ta ansvar, og å stille meg til rådvelde for kyrkja. Då eg starta, var eg redd at dette ikkje var jobben for meg, men eg har opplevd det veldig meiningsfullt.

- Kva veg har Hallingdal prosti gått dei åra du har vore prost?

- Det har vore store reformar i forhold til gudstenesta. Store endringar, med til dømes arbeidsplanar for prestar der det reknast timer. Rett og slett ein annan måte å tenkje på. Slike endringar er naturleg nok utfordrande for mange.

- Kva sette du deg som mål då du begynte i stillinga?

- Eg er ikkje ein strategisk person som type. Så eg kunne nok arbeidd meir med det. Hovudmålet har alltid vore å møte menneske der dei er.

- Kva veg skal kyrkja gå framover, etter ditt syn?

- Eg meiner at der er viktig at me har ei folkekirkje når ein globalt ser at stadig fleire oppsøkjer frimenigheter og katolske samfunn. Mange frikyrkjer er redde for avkristning. Har me ikkje folkekirkje, kva då? Om me er redde for at folk skal miste trustilhøyret i tida framover, så blir det

viktig med ei folkekirkje som har ein låg terskel for dei som vil inn.

- Kva blir dei største utfordringane for den nye prosten?

- Omstruktureringa av kyrkja, ny kyrkjelov og ny kyrkjeverkelegheit. Store endringar har det vore, og store endringar er på gang. Den nye prosten må ha stort pågangsmot inn i denne jobben.

- Kva har vore den mest krevjande teologiske saka for deg som prost?


- Utan tvil vedtaket om likekjønna vigsel i januar 2017.

- Kva har vore mest gjevande?

- Det å møte menneske og feire gudsteneste, ordinasjonar, innsetting av prestar, og mange andre store hendingar. Å feira gudsteneste er noko av det beste eg gjer.



Leiar for Fellesrådet i Ål Einar Brattegard overrakte blomar til den nye presten og den gamle prosten.



Al kyrkje strålte i haustsol før messa

- Har du nokon råd til den som overtek for deg?

- Eg vil ikkje vera ei sjuande mor i huset som legg seg opp i korleis den nye prosten gjer ting. Eg er tilgjengeleg om dei spør, men den nye prosten må finne sin veg. Eg er glad for at me har tre ulike, habile sokjarar som alle kan gjera ein god jobb. Dei har ulik teologisk ståstad, og eit spenn i alder. Men eg kan samarbeide med den som blir tilsett uansett kven det blir.

- Når du no blir kyrkjelydsprest, kva ser du som dine viktigaste oppgåver då?

- Ja, no blir eg sokneprest i Leveld, Torpo og Ål, i alfabetisk rekkefølgje. Eg er no forfremma attende til grasrota, og vonar



Avtroppende prost Vigdis Moen Storhaug forretta nattverd i saman med den nye biskopen i Tunsberg Jan Otto Myrseth

det gjev mindre tid framom PC-en. Eg vil vera prest for folk i kvardagen der dei er, og vera med dei i sorg og glede.

- Kjem du til å sakna prostestillinga?

- Noko vil eg sakna. Det var stort å få vera med på bispeordinasjonen av Jan Otto, og eg har også fått lov å vera med på to andre bispeinnsettingar, for biskop Laila og biskop Per Arne. Men det eg vil sakna mest, er nok møta med dei andre prostane. Spesielt har arbeidsretteliingsgruppa for prostar betydd mykje. Der har eg opplevd attkjenning og forståing for tema som me alle er opptekne av, men som ikkje kan lyftast fram andre stader enn i dette forumet. Det har òg vore fint å dele gleder og utfordringar i tenesta med

andre som forstår, avsluttar avtroppande prost Vigdis Moen Storhaug.

Kyrkjebladet takkar Vigdis prost for alt ho har bidrige med i sitt arbeid for Hallingdal prosti, og ynskjer henne lukke til som Vigdis prest.

Blomsterspira

Vi har stort utvalg av planter og snittblomster og vi utfører alt av binderi til alle anledninger.

Du finner oss under SPAR, Gol
908 870 28 - blomsterspira@gmail.com

Blomsterspira

Blomsterspira

Takk for meg - og takk til dere!

Jeg begynte som prost i Hallingdal i januar 2009. Etter nesten 10 år i tjenesten, har jeg ønsket å gi stafettinnen videre. I juni fikk jeg tilbud om å gå inn i den ledige soknepreststillingen i Leveld, Torpo og Ål. Jeg ønsket i utgangspunktet å søke på vanlig måte. Samtidig står ledelsen i bispedømmet fritt til å omorganisere sine ansatte når de er ansatt i et prosti. Jeg valgte derfor å takke ja til tilbuddet. Derfor slutter jeg som prost, og begynner som sokneprest 1. oktober.

Det har vært krevende kneiker underveis. De to siste årene har vi vært underbemannet, samtidig som vi har hatt pålegg om redusert vikardekning. Det har betydd mye ekstra arbeid. En slitasje jeg har delt med prestekolleger, kirkeverger, menighetsråd og lokalmenigheter.

Midt i det som har vært krevende, står alle de gode møtene jeg har fått oppleve. Engasjerende, inspirerende møter med staber, råd og menigheter. Det er høy standard, og mye godt arbeid som gjøres i kirkelig sektor her i Hallingdal. Jeg vil hevde at vi kan sammenligne oss med de fleste menighetene på Østlandet, og komme svært godt ut.

Her i Hallingdal har vi folkekirke i praksis. En nærhet mellom lokalmiljø og kirke som mange steder er på vei ut. Vi ser det kanskje aller tydeligst når det er gravferd, men også i andre sammenhenger. Kurvene i årsstatistikkene kan peke nedover, men ikke så drastisk som i sentrale bystrøk. Det er mange årsaker til det, men lokalkunnskap og nærhet til mennesker er en nøkkel til gode relasjoner mellom folk og kirke.

Jeg har opplevd mange store øyeblikk. I møte med enkeltmennesker og i store arrangement. Som konserter og gudstjenester. Det har jeg fortsatt forventning til. Selv om det blir i en annen funksjon. Jeg ser det ikke som en degradering å gå fra prost til sokneprest. Jeg ser heller fram til å gå tilbake til det jeg er utdannet til, og det hjertet brenner for. Å være prest der folk er. Barn, tenåringer, voksne og eldre. I sorg og glede, og til hverdags.

Takk til dere som har vist meg tillit! Takk for både krevende og inspirerende møter! Takk for alle ærlige, alvorlige, morsomme og hyggelige tilbakemeldinger som jeg har fått!

Takk for meg! Så er jeg fortsatt medspiller på laget, bare med et annet nummer på trøya!

Hilsen Vigdis Moen Storhaug

KUNNGJERINGAR

DØYPTE

Gol kyrkje:

02.09.18 Elvin Bleiktvedt Thorset
14.10.18 Aksel Olai Bråten
14.10.18 Embrik Stensrud Arnegard

Herad kyrkje:

26.08.18 Kolbjørn Andrei Viko
26.08.18 Ole Amadeus Bergerud Hauan

Hemsedal

09.09.18 Janie Hagerup Haga
09.09.18 Audun Stebekk Venås



SOLSTAD
HOTELL

MOTELL - KAFETERIA - 3550 GOL

Med den gode stemningen!

VELKOMEN TIL S-KLUBBEN!

S-klubben er ein kristen barneklubb for born i alderen 5-12 år. Vi har samling på Kyrkestugoa annankvar onsdag, kl 17.30-19.00. I haust har vi desse samlingane:

17. okt, 7.nov og 21. nov:

Vi startar med felles samling på Kyrkestugoa, i år er temaet for samlingane våre «Fader vår». Etterpå kan de velje mellom matlaging og formingsaktivitetar, leiking og moro i Troimshallen eller snekring i sløysalen på skulen. Vi avsluttar med kveldsmat for alle.

5. des: Utegruppa inviterer til adventssamling i gapahuken.

Går du i 5., 6. eller 7. klasse?

Bli med på S-klubben UTE!

Utegruppa held til i gapahuken, i skogen på vegen mot Torsetsia. Ta på varme klede og hovudlykt, og bli med på aktivitetar i skogen, leiking og bålkos.

Har du spørsmål, ta kontakt med Anne Berit Ulsaker, tlf 977 63 842



VIGDE

Gol stavkyrkje:

29.09.18 Grethe Haga og
Bjørn Håkon Nyborg

Hemsedal Kyrkje

01.09.18 Marte Mestvedthagen og
Einar Johan Ruud
15.09.18 Ida Haveland og Tony Adolfson
22.09.18 Ingunn Waadeland og
Peter Niclas Nilsson
06.10.18 Liv Richter og Knut Vegard
Melby

Harahorn kapell

15.09.18 Julie Dalene og
Stian Stangeland Jahnsen
22.09.18 Eva Øye og
Christoffer Haraldsen

HERMONTUR 2018 2.-4. november

Snart er det tid for årets Hermon tur.
Hold av første helgen i november.

I år er det Erik Andreassen som skal undervise, han er hovedpastor i Oslo Misjonskirke, Betlehem. Han er verdt å få med seg

Påmelding kan sendes til Marie Stople
på mob 95765295.

*Hemsedal Normisjon, KRIK og
Kyrkja inviterer*

Ny personvernlov

Dei siste endringane i personvernlova som trædde i kraft 1. oktober gjer at vi i trusopplæringa må endre litt vaner. Eg veit at mange har sett pris på å få ein tekstmelding nokre dagar før til dømes Gullrekka, 10-13 eller 4-årssamling.

No treng vi samtykke til å få lov til å lagre telefonnummer slik at vi kan sende desse SMS-ane. Eg har derfor laga eit samtykkeskjema om dette, og diverse andre samtykke, som kjem til å bli delt ut på ulike tiltak og aktivitetar, og som eg håpar føresette kan fylle ut og returnere til meg.

Ta gjerne kontakt og, dersom du vil ha informasjon/samtykkeskjema.

Britt Marie Haraldset Hafsås
kyrkjelydspedagog
Britt.marie.haraldset-hafsas@gol.kommune.no tlf: 951 22 136

DØDE

Gol kyrkje:

24.08.18 Erna Graver	f. 1944
31.08.18 Astrid Bergman	f. 1944
10.09.18 Olav Hernes	f. 1928
20.09.18 Inger Johanne Myro	f. 1933
22.09.18 Solveig Gunvor Gurandsrud	f. 1922
25.09.18 Olav Thorbjørn Bjørnebråten	f. 1931
07.10.18 Jan Helge Sørlie	f. 1961

Herad kyrkje:

23.05.18 John Rotneim Nordreli	f. 1944
13.09.18 Bjørn Hovind	f. 1961
03.10.18 Karoline Johanne Marie Hansen	f. 1924

Hemsedal Kyrkje

24.08.18 Olav Fekene	f. 1934
14.09.18 Asle Thorset	f. 1937
14.09.18 Asle Grøthe	f. 1938
21.09.18 Guri Holde	f. 1929
05.10.18 Maria Fekene	f. 1919

GOL BEGRAVELSESBYRÅ AS

Bente Andreassen - Vakt tlf. 480 234 77
www.golbb.no

HEMSDAL GRAVFERDSBYRÅ

Olav Støyten og Hans Vidar Sørensen
Tlf: 97 41 41 00

JØLSTAD HALLINGDAL GRAVFERDSBYRÅ AS

Steinar Aa - Vakt tlf: 32 08 23 00
www.hallingdalgravferd.no

VELKOMMEN TIL OPE HUS

Dataar for Ope hus hausten 2018:

Tysdag 6. nov- Tysdag 4. des

Velkommen til fellesskap med god bevertning.
Det vart temasamling og «Ord på vegen».

Hilsen Ope hus

FEST FOR DEI FRIVILLIGE I HEMSEDAL

Måndag 12. november kl. 18.00

Me ynskjer å gjera stas på alle dei frivillige i kyrkjelyden som legg ned tid og krefter til glede for alle!

Dei tilsette i kyrkja vil stå for mat og program.

Velkommen til ein avslappa kveld.

Hilsen staben på Hemsedal Kyrkjekontor

VELKOMEN TIL KYRKJE!

28. oktober – Bots- og bønnedag

GOL KYRKJKE KL.11.00
Gudsteneste. Nattverd.
Skinnemoen.
Takkoffer: TV-aksjonen / Kirkens Bymisjon.

HEMSEDAL KYRKJE KL11.00
Gudsteneste. Nattverd. Osnes.
Takkoffer: TV-aksjonen / Kirkens Bymisjon.

GOL KYRKJE KL.19.00
Konsert med russisk mannskor.

4. november – Allehelgensdag

HERMON-TUR.
«Søndag for alle».
HERAD KYRKJE KL.11.00
Gudsteneste. Nattverd.
Skinnemoen. Frøyland.
Vi minnest dei som er gått
bort siste året.
Takkoffer: Diakoniarbeidet.
Kyrkjekaffe v/diakoniutvalet.

GOL KYRKJE KL.18.00
Gudsteneste. Nattverd.
Skinnemoen. Frøyland.
Vi minnest dei som er gått
bort siste året.
Takkoffer: Diakoniarbeidet.
Kyrkjekaffe v/diakoniutvalet

NESTE KYRKJEBLAD

Nr. 6/2018 kjem ut i uke 50
Stoff sender ein til: oaalrust@online.no
innen 22. november

Det kjente russiske mannskoret «Nikolsky Male Ensemble» Gol kyrkje - Søndag 28. oktober kl. 19.00

De skal synge religiøse musikk og folkesanger fra sitt hjemland. De er alle profesjonelle sangere i operahus og kirker i Moskva og har sunget mye over hele verden. Det blir en spennende og fin konsert. En sjeldent anledning til å høre live musikk av denne kvaliteten.

Billetter ved inngangen
Voksen kr. 150,- | Honnør kr. 100,- | Barn kr. 50,-

HEMSEDAL KYRKJE KL 18.00
Gudsteneste. Nattverd. Osnes.
Vi minnest dei som er gått
bort siste året.
Takkoffer: Misjonsprosjektet.

11. november – 25. søndag i treeiningstida

GOL HELSETUN KL.11.00
Gudsteneste. Frøyland

18. november – 26. søndag i treeiningstida
HERAD KYRKJE KL.11.00
Gudsteneste. Osnes.
Takkoffer: Det Norske Misjonsselskap.

HEMSEDAL KYRKJE KL 11.00
Gudsteneste. Skinnemoen.
Takkoffer: Trusopplæring i Hemsedal.

25. november – Kristi Kongedag

GOL KYRKJE KL.11.00
Lys vaken gudsteneste. Nattverd.
Skinnemoen. Hafsås.
Takkoffer: Barne- og ungdomsarbeidet.

2. desember – 1. søndag i adventstiden.

HERAD KYRKJE KL.11.00
Gudsteneste. Osnes.
Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet.

HEMSEDAL KYRKJESTUGU KL 16.00
«Søndag for alle».

5. desember - onsdag

GOL KYRKJE KL.18.00
Adventstund. Frøyland. Skinnemoen.
Menneske med nedsett funksjonsevne
deltek. Kyrkjekaffe.

9. desember – 2. søndag i adventstida

HEMSEDAL KYRKJE KL 11.00
Lys vaken gudsteneste. Nattverd.
Osnes. Hafsås.
Takkoffer: Kyrkjebladet.

GOL KYRKJE KL.18.00
Advents konser. Vickery. Skinnemoen.
Takkoffer: Song- og musikkarbeidet i
kyrkjelyden.

16. desember – 3. søndag i adventstiden

HERAD KYRKJE KL.11.00
Gudsteneste. Nattverd. Skinnemoen.
Takkoffer: Barne- og ungdomsarbeidet
i kyrkjelyden.

HEMSEDAL KYRKJE KL 18.00
Advents konser.

Kyrkjebladet minner om
Innsamlingsaksjonen til restaurering
av kyrkjeorgelet i Hemsedal.

Ynskjer du å bidra til å vedlikehalde det
unike, gamle A.Nielsen-orgelet, så gje di
gåve til konto nr.: 2367.20.49482

Adventskonsert i Gol kyrkje Søndag 9. desember kl. 18.00

Med kantor Justin Vickery og
lokale kor, korps og solister.
Det skal fremføres, blant
annet, en koralfantasi av
Vickery – «Folkefrelsar, til oss
kom». Jan Olav Skinnemoen
skal holde kort andakt og det
blir fellessang.

Kollekt ved utgang.



En julekonsert med Mads Belden

Hjem til jul



«Den største
stemmen i
Bragernes Kirke
siden Jan Werner
Danielsen!»
– Drammens Tidende

«Et oljemaleri
av en julekonsert!»
– Laagendalsposten



Gjesteartist:
Julie Alicia
Borgedal Moen

Forhåndssalg billetter:
ticketmaster®

15. desember: Gol Kirke kl. 19.30

På tur med åpent hus

TEKST & FOTO: LUDVIG MUNKEJORD



Mange var med på turen til Nesbyen

Ein gong i året dreg golingsgjengen på «Åpent hus» på busstur. Denne seine augustdagen blei det tur til Nesbyen i strålende solskinn og varme. Sentralt denne dagen var treskjeringskunsten til Ole Isakbråten. Han var unik flink med kniven sin og på museet hadde dei mangt av det han hadde laga. Like interessant var det å besøke kapellet på Nesbyen der han har stått for alt treskjeringsarbeidet. Dette var det største arbeidet han gjorde. Der hadde kyrkjeverge Audun Aasheim ei fin orientering, og Sigrid Løvdokken tok oss med på ei tankevekkende andaktsstund gjennom det ho har opplevd gjennom tidene.

Turen vart avslutta med flott lunsj på Hagaled Gjestegård, der me og vart godt orienterte om den flotte garden si spennande historie.

Å reise slik på tur saman er ein fin måte å bli kjend med kvarandre på, og samstundes bli litt kjend med alt det flotte og interessante som finst rundt omkring. Så nå er det å ta fatt på ein ny haust og vinter ein torsdagsføremiddag i månaden, og så får ein tenke på kvar turen går neste sommar.



Sigrun Bæra Svenkerud er vertinne på Hagaled Gjestegård.



Diakon i Gol, Martha Frøyland var reiseleian.



Kyrkjeverje i Nes, Audun Aasheim orienterte i Nes kapell.



frå v: Sigrid Løvdokken, Kristi Frøysok, Sissel Morken, Inger Lagmannsgård og Inga Kinnebergbråten.